

Intensjonsavtale – kommunesamanslåing Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommunar.

Vedteke i Førde (xx.xx.2015), Gaular (xx.xx.2015) Jølster (xx.xx.2015) og Naustdal (xx.xx.2015) kommunestyre.

Innleiing

Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste, og eit styrka lokaldemokrati.

1. Mål

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- *Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane*
- *Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane*

Delmåla er å:

- *Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst*
- *Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen*
- *Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering*
- *Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø*

2. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- *Ha større førstelinetenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod der dei er no*
- *Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling*
- *Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass*
- *Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon*

3. Nye oppgåver

Vi er samde om å hente nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen. Det er få oppgåver som er klarert i oppgåvemeldinga frå regjeringa og dette er derfor eit emne som den nye storkommunen vil følgje opp. Fleire av oppgåvene frå regjeringa er førebels så små at det bør vurderast nøye om ein vil ta over desse som kommunalt ansvar.

Førebels har vi festa oss ved desse områda:

- *Barnevernet bør reformerast, der ein slår saman det statlege og kommunale barnevernet*
- *Tannhelsa bør bli kommunal*
- *Ein større del av ansvaret knytt til areal- og miljøforvaltninga bør flyttast frå både dei regionale nivåa*
- *Overføring av ulike tilskots- og finansieringsordningar i begge dei regionale nivåa*
- *Etablering og samling av statlege kompetansemiljø*

4. Kommunesenter

Vi er samde om at kommunesenteret vert lagt til Førde.

Kommunesenteret bør innehalde alle fellestenester som normalt ligg til ein kommuneadministrasjon. Men dei tidlegare kommunehusa kan nyttast til lokale knutepunkt gjennom bruk av servicetorg, f eks desentraliserte rådhusfunksjonar og plassering av publikumsretta tenester som det er naturleg ligg desentralt.

Den nye kommunen skal arbeide aktivt for å få ei god spreieing av kommunale arbeidsplassar og funksjonar i heile kommunen.

5. Prinsipp for styring og organisering

Politisk

Vi er samde om at den nye kommunen skal ha formannskapsmodellen etter Kl. § 8 som styringsform.

Tal folkevalde

Kommunestyret skal ha 35 medlemmar.

Fellesnemnda (FN, jf. Inndelingslova § 26) tek avgjerd om korleis vi eventuelt skal nytte kommunedelutval.

Administrativt og fagleg

Vi er samde om at:

- *Det skal etablerast éin administrasjon med desentraliserte rådhusfunksjonar, servicetorg og samfunnskontakt. Det skal utviklast ei arbeidsform der spesialiserte fagfunksjonar (t.d. barnevern) kan ha ambulerande utefunksjon som vert ytt der basistene vert ytt*
- *Like eins skal drift og vedlikehald av bygningar lokalisert her*
- *Servicetorga i dei tidlegare kommunehusa skal hjelpe innbygarane innan dei mest etterspurde tenestene og kunne bli nytta til moglege «næringspark» med privat og offentleg tenestyting*
- *Tilsette skal kunne kople seg på uavhengig av klient og teknologi*
- *Det skal vere fleksibilitet og mobilitet uavhengig av organisatorisk plassering og tverrfagleg einingar på administrativt nivå på tvers av profesjonsgrensar*
- *Kompetanseoppbygginga skal systematiserast for alle ledd i organisasjonen*

6. Kommunenamn

Vi er samde om at kommunenamnet vert Sunnfjord kommune.

7. Interkommunale selskap

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvikle/melde oss ut av samarbeidet.

Målet er at den nye kommunen tek flest moglege av oppgåvene. Vi er difor alt no samde om å avvikle, endre eller rydde samarbeid.

8. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld frå 1.1. 2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan
- b) peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei
- c) ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre

9. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 1.1..2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

10. Arbeidsgjevarpolitikk

Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Det betyr at vi vil arbeide for at:

- *Alle tilsette sine noverande rettar vert akseptert i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk*
- *Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarende storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtallige, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passende arbeid i rimeleg avstand*
- *Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP og SPK*

Det partsamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- *Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement, m.m.)*
- *Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette*
- *Harmoniserer lønsskilnader over tid*
- *Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til leiarar*

Vedlegg til Intensjonsavtale- kommunesamanslåing Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommunar (liten SiS)

1. Bakgrunn

Dokumentet skal vise kva forventningar dei fire kommunane har til hovudmåla i intensjonsavtalen (pkt 2):

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter fr Sogn og Fjordane

Dokumentet skal også presisere punkt 10 i intensjonsavtalen – Samordning av planverk:

«Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 1.1..2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa»

2. Planar og økonomiske prioriteringar

Dei prioriteringane som er gjort i kommunane sine godkjende årsbudsjett, økonomiplanar, kommuneplanane sin samfunnsdel og arealdel, planstrategi skal vidareførast i ein ny kommune.

Strategisk næringsplan

Kommunane i SiS har i samarbeid utarbeid felles strategisk næringsplan for 2014 – 2017. Det i er planen utarbeid kommunevise prioriteringar. Når ein no går saman i ein ny kommune, skal den nye kommunen arbeide for å realisere samtlege strategiar for næringsutvikling som den einskilde kommune har vedteke.

3. Fellessatsingar – kommuneovergripande

Kommunane er samde om og har forventningar til at følgjande større fellestiltak/(satsingar) blir prioritert i den nye kommunen og at fellesnemnda skal arbeide aktivt for å få dei gjennomført:

- Den nye kommunen skal arbeid for følgjande prosjekt inn mot NTP/RTP:
 - RV 5 Kjøsnesfjorden rassikring
 - RV 5 Naustdal-Erdal samt Leversundet Flora, rassikring og framtidig løysing.
 - E39 gjennom Gaular, Førde og Jølster, planleggingsmidlar og framtidig løysing i samsvar med stamvegutvalet sine prioriteringar
 - E39 Skjervsura og Våtedalen rassikring
 - FV 57, Dale – Storhaug med bru over Svesundet. Rassikring og permanent løysing
 - Kryssing av Førdefjorden (Ålesundet) med tilførselsveg (Fv611) til Naustdal sentrum

- Utvikle flyplassen på Bringeland
- Høghastigheits breiband, mobildekning og digitalisering

Den nye kommunen skal arbeide for utbygging av høghastigheits breiband i heile kommunen, samt 4G dekning i mobilnettet.

- Utvikle kulturinstitusjonane i indre Sunnfjord til beste for innbyggjarar og reiselivsnæringa samt auke kunnskapen og interessa for ulike kulturuttrykk i regionen.

Døme på dette er

- Astrup-tunet
 - Nikolai Astrup, Oddvar Torsheim og Kjartan Slettemark sin kunst
 - Sunnfjord museum
 - Eikås-galleriet
 - Senter for verna vassdrag i Gaular
 - Luftkampmuseet i Naustdal
- Satse på og vidareutvikle sentrale idretts- og fritidsanlegg i kommunane til regionanlegg
- Døme på dette er:
- Langeland ski- og fritidssenter
 - Jølster skisenter
 - Sunnfjord golfklubb
 - Hafstadparken
 - Førdehuset
 - Skyttaranlegget i Kråkenesmarka
 - Motorsportanlegget i Kråkenesmarka
 - Sanden friluftsområde i Naustdal
- Satse på fortrinn basert på naturressursar (turisme, vasskraft, fjordenergi, mineral etc)
- Den nye kommunen skal arbeide aktivt med myndigheitskontakt for å sikre konsesjonar og rettar til å utnytte naturressursar.

Døme på dette er:

- Utbygging av Jølstra og Gloppen-vassdraga
 - Fjernvarmeanlegg i Førde sentrum
- Utvikle senterstrategi for lokalsentra i kommunen
- Etablere kollektivtilbud i kommunen mellom ulike lokalsentra i kommunen
 - Utvikling av lokale bustadfelt
 - Næring
 - Møteplassar

4. Kommunale forventningar

Kvar av kommunane har prosjekt og tiltak som er viktige som ligg i økonomiplan/budsjett.

Dokumentet viser til punkt 9 i intensjonsavtalen – Økonomi:

«Denne delen av avtalen gjeld frå 1.1. 2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemnd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan*
- b) peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei*
- c) ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre»*

Forventningar til tenester og funksjonar i den nye kommunen som er relatert til den einssilde kommune er nemde nedanfor. Fellesnemnda må gjere seg kjende med dei og skal så langt som råd ta omsyn til desse.

JØLSTER

- Utbygging og rehabilitering av skulane i Jølster
- Fleirbrukshall i Jølster
- Realisering av nytt næringsareal på Moskog
- Kommunal utvikling av bustadfelt i samsvar med økonomiplan
- Utvikle næringsareal på Skei

FØRDE

- Realisering av nytt næringsareal på Moskog
- Storhandelspark på Hafstad
- Teknologisatsing på Øyrane
- Helseparken på Vie
- Sentrumsutvikling

GAULAR

- Realisering av næringsareal ved E39, Lunde og rundt flyplassen
- Sikre tilstrekkeleg barnehage- og skuleplassar
- Kommunal medverknad til utbygging av bustadfelt
- Tilrettelegging av fritidsområde som t.d. badeplassar, skateboardbane o.l.
- Auka satsing rundt Nasjonal turistveg og utbetring av Rv 13 Rørvikfjellet og rassikring av Fv 610, Matbjørhammaren

NAUSTDAL

- Frisksenter med helsefunksjonar, basseng, bustader og næringsfunksjonar
- Sentrumsutvikling, inkl. ny gangbru over Nausta
- Næringsareal med nærleik til RV5
- Fjordlandsbyen
- Oppfølging av kommunedelplan i Vevring og «Grende +»

Gaular, Jølster, Naustdal og Førde, 15.04.2016